



Arkivsaknr: 2025/2528-2
Sakshandsamar: Siril Therese Sylta
Avdeling: Arealforvaltning

SAKSFRAMLEGG

Høyringsuttale frå Alver kommune på forslag til Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033 i Vestland vassregion

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre legg fram høyringsuttale til forslag til Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033 i Vestland vassregion slik det går fram av saka.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Utval for areal, plan og miljø.

Saka skal avgjerast i kommunestyre.

Saka gjeld

Gjeldande vassforvaltningsplan 2022-2027 skal oppdaterast for planperioden 2028-2033. Formålet til planen er å sikre ei heilskapleg og samordna forvaltning av vassmiljøet, der alle sektorstyresmakter (statlege, regionale og kommunale) bidreg for å oppnå målet om god miljøtilstand i alt vatn.

Forslag til planprogram og førebels oversikt over hovudutfordringar i vassregionen er lagt ut til offentleg høyring og ettersyn. Planprogrammet er utarbeid etter plan- og bygningslova § 8- 3. Dokumenta er utarbeid i samråd med Vestland vassregionutval. Vedtak om å leggje dokumenta ut på høyring og offentleg ettersyn er gjort alle fylka med areal i Vestland vassregion.

Planprogram

Planprogrammet legg premissane for arbeidet med ny regional plan for vassforvaltning med eit tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram, samt framdriftsplan. Dokumentet omhandlar planprosessen og dei utgreiingane som er føreslått gjennomførte og angir forventingar til styresmakter som har rett og plikt til å delta.

Hovudutfordringar i Vestland

Dokumentet *Hovudutfordringar i Vestland* inneheld oppdatert oversikt over miljøtilstand, påverknader og status for gjennomføring av tiltak for å nå miljømåla. Kunnskapsgrunnlaget slik det

ligg i databasen Vann-nett er summert opp i dokumentet. Ei felles forståing av kva som er dei viktigaste utfordringane vil gi et godt grunnlag for vidare samarbeid om forvaltingsplanen og tiltaksprogrammet for planperioden 2028-2033.

Fylkeskommunen ønsker innspel og kommentarar til forslag til planprosessen og førebels kunnskapsgrunnlag som peiker ut hovudutfordringar for vassregionen;

- prosess
- organisering
- medverkingsopplegg
- hovudutfordringar i vassregionen.

Det er lista opp nokre høyringsspørsmål som fylkeskommunen særskilt ønsker innspel på, som ligg vedlagt i saka.

Høyringsperioden for planprogrammet er frå 1. januar til 30. juni 2025.

Planprogrammet vert vedteke etter høyringa i desember 2025. Deretter vert forslag til oppdatert vassforvaltningsplan med tiltaksprogram sendt på høyring i andre halvår 2026, med endeleg vedtak i desember 2027.

Aktuelle lenker:

- [planprogram-for-regional-plan-for-vassforvaltning-2028-2033-hoyringsutkast-.pdf](#)
- [Hovudutfordringar Vestland høyringsutkast 2028-2033.docx](#)
- [Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027](#)
- [Vannforskriften - Vannportalen](#)


Saksopplysningar

Hovudmål i vassdirektivet:

1. God økologisk og kjemisk tilstand
 - Alle vassførekomstar skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand innan fastsette tidsfristar.
2. Heilskapleg forvaltning av vatn
 - Vatn skal forvaltast etter naturlege nedbørsfelt (vassregionar) og ikkje administrative grenser.
3. Førebygging av forureining
 - Redusere utslepp av farlege stoff og hindre overgjødsling (eutrofiering).
4. Berekraftig vassbruk
 - Sikre at uttak av vatn ikkje overbelastar naturen.
5. Forvaltning basert på kunnskap og deltaking
 - Land skal kartleggje tilstanden til vatn og lage vassforvaltningsplanar kvart sjette år.
 - Offentlegheita skal ha moglegheit til å medverke i planprosessen.

Om Vestland vassregion og vassområda

Vannregioner



Vestland vassregion er eit geografisk avgrensa område for heilskapleg vassforvaltning i tråd med EU sitt vassdirektiv og den norske vassforskrifta. Regionen omfattar hovudsakleg Vestland fylke, men inkluderer òg delar av Møre og Romsdal, Rogaland, Buskerud og Innlandet.

Vestland fylkeskommune er vassregionstyresmakt for Vestland vassregion og har ansvar for å koordinere arbeid etter vassforskrifta.

Regionen er delt inn i ni vassområde. Eit vassområde er eit geografisk avgrensa nedbørsfelt eller ei gruppe av nedbørsfelt der elvar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn heng saman. Det er ei mindre eining innanfor ein vassregion og blir brukt til å organisere vassforvaltninga meir lokalt.

Tabell 1 viser areal dei ulike vassområde i Vestland vassregion har og kommunar som inngår i dei ulike vassområde. Mange kommunar har areal i fleire vassområde. Kommunar med *utevase skrift* har hovudarealet sitt i det aktuelle vassområde, *ikkje utevase skrift* er kommunar med eit lite areal i vassområdet.

Vassområde	Km ²	% av vassregionen	Kommunar
Nordfjord	4058	12	Kinn, Bremanger, Stad, Gloppen, Stryn, Luster, Sogndal, Sunnfjord, Skiåk, Vanylven, Volda
Sunnfjord	3745	12	Kinn, Askvoll, Fjaler, Sunnfjord, Bremanger, Gloppen, Hyllestad, Høyanger, Sogndal
Ytre Sogn	2900	9	Gulen, Solund, Høyanger, Vik, Hyllestad, Aurland, Fjaler, Masfjorden, Modalen, Sogndal, Sunnfjord, Vaksdal, Voss
Indre Sogn	8103	24	Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Høyanger, Stryn, Sunnfjord, Ulvik, Vik, Voss
Nordhordland	1282	4	Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Gulen, Høyanger, Modalen, Vik
Vest	1738	5	Austevoll, Øygarden, Bergen, Bjørnafjorden, Askøy, Samnanger, Kvam, Kvinnherad, Vaksdal
Voss – Osterfjorden	3426	11	Voss, Osterøy, Vaksdal, Modalen, Alver, Aurland, Bergen, Høyanger, Kvam, Masfjorden, Samnanger, Ulvik, Vik
Hardanger	4552	14	Ullensvang, Kvam, Eidfjord, Ulvik, Voss, Etne, Kvinnherad
Sunnhordland	3110	9	Bømlo, Kvinnherad, Fitjar, Stord, Sveio, Etne, Tysnes, Vindafjord, Haugesund, Kvam
Vestland vassregion	32915	100	

Alver kommune er medlem i to vassområder, Nordhordland vassområde og Voss-Osterfjorden vassområde. Det betyr at vassressursane i Alver kommune vert forvalta i samarbeid med kommunane i desse to vassområda.

Vassområdeutvalet leier arbeidet lokalt og jobbar med konkrete tiltak for å betre vasskvaliteten.

Viktige oppgåver i eit vassområde:

1. Kartleggje miljøtilstanden i vatnet i elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn.
2. Identifisere utfordringar som forureining, avrenning frå landbruk, avløp, industri og klimaendringar.
3. Planleggje og gjennomføre tiltak for å betre vasskvaliteten.
4. Sikre samarbeid mellom kommunar og sektorar for ei samordna forvaltning av vassressursane.

Meir informasjon om organisering og ansvar i vassregionen går fram av kapittel 7 i Planprogrammet.

Hovudmål og prioriteringar

Målet med planen er å sikre god økologisk og kjemisk tilstand i vassførekomstane. Dette skal gjerast gjennom:

- Vern av vassmiljøet – førebyggjande tiltak for å unngå forverring
- Forbetring av miljøtilstanden – tiltak for å rette opp forureina og modifiserte vassførekomstar
- Auka fokus på klimaendringar og deira effekt på vassmiljøet

Bakgrunn

Planprogrammet legg grunnlaget for oppdatering av den regionale vassforvaltningsplanen for Vestland vassregion for perioden 2028-2033. Det skal sikre heilskapleg forvaltning av vassressursane i tråd med vassforskrifta.

Programmet inneheld:

- Føremål og prosess for oppdatering av planen
- Kven som skal delta i arbeidet
- Korleis medverknad og høyring skal gjennomførast
- Prioriteringar og utgreiingar som skal gjerast

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Regjeringa sitt dokument om «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027» legg vekt på berekraftig utvikling og effektiv forvaltning av vassressursar. Det blir understreka at fylkeskommunar og kommunar skal følgje opp desse forventningane i sine planstrategiar og planar, og at statlege styresmakter skal leggje dei til grunn i si deltaking i planlegginga.

Eit sentralt tema i dokumentet er "**Klima, natur og miljø for framtida**", der det blir forventa at planlegginga skal bidra til å redusere utslepp av klimagassar, tilpasse samfunnet til klimaendringar og ta vare på naturmangfaldet. Dette omfattar ei berekraftig forvaltning av vassressursane, med vekt på å sikre god økologisk og kjemisk tilstand i vassførekomstane, i tråd med vassforskrifta.

Vidare blir det understreka kor viktig det er å integrere omsynet til vassmiljøet i arealplanlegginga, spesielt for å unngå forureining og forringing av vasskvaliteten. Det blir oppmoda til samarbeid mellom ulike sektorar og forvaltningsnivå for å oppnå ei heilskapleg vassforvaltning.

For å sikre ei effektiv oppfølging av desse forventningane, blir det understreka at fylkeskommunar og kommunar må utarbeide og følgje opp regionale og kommunale planstrategiar som varetek måla og krava til vassforvaltninga.

Lenke til dokumentet: [Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027](#)

Vurdering

Planprogram for regional plan for vassforvaltning 2028-2033

I høyringa av planprogrammet ønskjer ein særleg innspel på følgjande spørsmål:

1. Er det tydeleg når og korleis ulike styresmakter skal delta i arbeidet?
Det er rom for å forenkle og tydeleggjere dette. Det er mange sektorstyresmakter som er involvert noko som og gjer det noko uoversiktleg, og krevjande i prioritering og oppfølging.
2. Er det viktige tema eller utgreiingar som manglar i planprogrammet?
3. Har de forslag til forbetringar av planprogrammet?
4. Er det behov for å endre planretningslinjene (sjå kap. 3.5)?
5. Har du forslag til organisering av vassregionen (sjå kap. 7)?
 - Korleis bør kommunane vere representert i vassregionutvalet og i vassområdeutvala?
For å sikra meir kompetanse og tverrfaglege vurderingar, så bør ein vurdere om det er fleire av administrasjonen innanfor dei ulike fagområda i kommunen som bør vere representert. I alle tilfeller bør det vere ein representant frå administrativt nivå som medlem i vassregionutvalet og vassområdeutvala. I større kommunar bør ein vurdere om fleire bør delta, slik ein sikrar rett kompetanse innanfor ulike fagtema.
 - Er det behov for eit arbeidsutval under Vestland vassregionutval?
Dersom erfaringane frå det tidlegare arbeidsutval fungerte godt og gav verdi for dei som deltok, så bør ein vurdere om det skal opprettast. Vi vil oppmode om at det ikkje vert for mange ulike utval og møtearenaer inn i arbeidet med vassregionen.
 - Er Vestland vassregionutval godt samansett? Bør vi t.d. ha ei samanblanding av politiske og administrative representantar i vassregionutvalet slik som no eller er det behov for å gjere endringar?
Her bør ein sjå på om det bør gjerast endringar, og at det til politisk nivå i kommunane kan bli gjeve som informasjon om status for arbeidet gjennom årsmelding eller liknande, som grunnlag for arbeidet kommunen gjer i forkant av arbeidet med økonomiplan og budsjett.

Dersom det skal skje endring med ei politisk styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe så må det vere tydeleg kva mandat og rolle dei ulike gruppene skal ha i forhold til ansvar og mynde. Det bør uansett gjerast ei vurdering med omsyn til organisering som sikrar at det vert ei mest mogeleg effektiv organisering, og at ein unngår for mange nivå av organiseringa i vassområda.

- Er det behov for å justere grensene for vassområda eller å slå enkelte vassområde saman?

I planprogrammet er det vist til at Nordhordland vassområde vert slege saman med Voss – Osterfjorden vassområde til nye Voss- og Nordhordland vassområde.

I det vidare arbeidet bør ein vurdere om det er behov for å justere grensene mellom vassområda, men må sikre at det ikkje vert for stort og at fokusområde vert oppretthalde for alle områda som er med i vassområdet. Fordelen med samanslåing kan vere meir heilskapleg forvaltning og oppfølging av tiltak for dei ferskvatn som renn ut i same fjordsystem.

Eventuell endring av grensene for vassområda må ikkje føre til ein auka kostnad for kommunen.

- Korleis bør vi leggje til rette for medverknad frå frivillig sektor og interessentar i planprosessen?

Det er viktig at ein får kopla på lokale interessentar, lag og organisasjonar i kommunane i fasen der ein jobbar med den oppdaterte vassforvaltningsplanen.

6. Har du viktige innspel til det føreslegne programmet for utgreiing av konsekvensar for miljø og samfunn (KU) (kap. 8)?

I planprogrammet går det fram at konsekvensutgreiinga skal gje ei overordna framstilling av kva vassforvaltningsplanen vil bety for miljø og samfunn med vekt på vassmiljøet. Den konkrete vurderinga av konsekvens for miljø og samfunn vil komme i samband med sektorstyresmakt si gjennomføring av dei einskilde tiltaka.

Det er viktig at kunnskapsgrunnlaget baserer seg på nyare data og ny kunnskapsinnhenting. I prosessen med ny regional plan for vassforvaltning for neste periode må det vere eit auka fokus på statlege midlar til ny kartlegging av verknad for natur og miljø der det ikkje ligg føre oppdatert kunnskapsgrunnlag.

7. Har du eller din organisasjon innspel om tema som bør få auka merksemd, bør vurderast og/eller utgreiast i arbeidet?

Det vil truleg vere oppdatert behov for kunnskap om verknad for miljø og samfunn i denne planen. Det vil gjelde med omsyn til naturmangfald, miljø og klima med meir.

Når det gjeld påverknad frå landbruk så er Alver ein stor landbrukskommune, som og har ansvar for landbruksforvaltninga for kommunane Austrheim og Modalen. Jordbruk blir ofte vurdert til å ha stor og middels påverknad, men at påverknadsgraden i mange tilfelle er usikker.

Det er gjort mange tiltak for å betre kunnskap og praksis kring jordbruket sitt omsyn til gjødsling nær vassdrag og kantsone mot vassdrag.

Eit fokusområde i det vidare arbeidet bør vere kunnskap og opplæring i korleis fosfor oppfører det seg i ulike element og påverknad for jordbruk og vassdrag. Det vil ta mange år å få redusert fosfornivå i jorda, og innanfor ein planperiode på 5 år så er dette truleg for kort tid til at tiltak her vil vise noko effekt.

Hovudutfordringar for Vestland

Dokumentet om hovudutfordringar inneheld oppdatert oversikt over følgande for Vestland vassregion:

- Miljøtilstanden til vatnet vårt
- Status for gjennomføring av tiltak
- Korleis me ligg an til å nå miljømål for planperioden 2022-2027
- Menneskeskapte påverknader i vassregionen
- Samfunnsutvikling og planlagde tiltak som kan påverke vassmiljøet

Dokumentet tek utgangspunkt i det som var dei viktigaste utfordringane i tidlegare Sogn og Fjordane vassregion og Hordaland vassregion, og ser på kva utfordringar som gjeld for Vestland vassregion no og framover. Dette er utfordringar som skal setjast på dagsordenen og arbeidast vidare med fram mot oppdatert forvaltingsplan og tiltaksprogram.

Kort oppsummering av påverknader i vassregionen (oppsummering av kapittel 4 i Hovudutfordringar Vestland)

- Langtransportert forureining: Luftforureining frå andre regionar og land påverkar vasskvaliteten i Vestland.
- Vasskraft og andre inngrep i vassdrag: Små og store vasskraftutbyggingar endrar fysiske og hydrologiske forhold som påverkar miljøtilstanden i og rundt vassdraga.
- Avløpsvatn: Utslepp av avløpsvatn inneber utslepp av næringsstoff, organisk stoff, bakteriar, virus og miljøgifter frå busetnad, hytter og næringsverksemd. Dersom tilførslane av næringsstoff til ein resipient blir for store, kan dette føre til overgjødsling (eutrofiering) av resipienten.
- Landbruk: Avrenning av næringsstoff og bruk av plantevernmiddel påverkar vasskvaliteten negativt.
- Fiske og akvakultur: Lakselus frå oppdrettsanlegg trugar laksebestandar, genetisk påverknad på laksebestandar frå rømt oppdrettsfisk og avrenning og utslepp frå oppdrettsanlegg.
- Industri: Det har vore omfattande industriell aktivitet i Vestland opp gjennom tidene med metallurgi, kjemisk industri, skipsbygging og prosessindustri som viktige næringar. Desse verksemdene har gjennom direkte utslepp og avrenning frå produksjonsområda ført til forureining av kystvatn.
- Transport: Dei største utfordringane knytt til veg er avrenning av partiklar og forureiningsstoff frå anleggsområdet og den ferdige vegen, samt vandringshinder for fisk i tilknytning til veg. Avrenning frå vegar og bruk av vegsalt påverkar vasskvaliteten.
- Framande artar og sjukdomar: Framande artar og sjukdomar trugar det naturlege biologiske mangfaldet.
- Plastforsøpling: Plastavfall i vassdrag og kystområde skadar dyrelivet og forureinar miljøet.
- Arealinngrep: Det er behov for at kommunane tar eit sterkare grep for å beskytte vassførekomstane mot nye inngrep gjennom ulike kommunale planar enn praksisen er i dag. Kommunale planar er eit vesentleg verkemiddel for å unngå ny negativ påverknad i vassførekomstane. Gjennom arealplanlegging kan kommunane sette restriksjonar på arealbruken for å ta vare på naturmiljøet i og langs vassdrag, fjordar og sjøområde.
- Klimaendringar: Endringar i nedbørsmønster og temperatur påverkar vassføringar og økosystem.

Spørsmål fylkeskommunen særleg ønskjer svar på i høyringa:

1. Er miljøtilstand og påverknader korrekt beskrivne? Finst det data hos sektorstyresmakter eller lokal/erfaringsbasert kunnskap som kan bidra til ei endå betre beskriving?
2. Er alle viktige interesser ivaretekne? Er det interesser av betydning som ikkje blir nemnde?
3. Har du eller din organisasjon/bedrift/styresmakt innspel til prioriteringar eller andre moment til det vidare planarbeidet?
4. Er dei nødvendige verkemidla som trengst for å gjennomføre tiltaka på plass?

Dokumentet er godt dekkande for påverknadsfaktorar. Framover må ein i større grad ha fokus på opprydding av avfall som det tidlegare var vanleg at vart dumpa i fjord/innsjø. I Alver kommune vart det oppdaga dumping av bildekk som går langt tilbake i tid. Denne type avfall/forsøpling er både kompleks, krevjande og kostbar å handtere for kommunen.

I vurderinga av innhaldet i dokumentet med hovudutfordringar og høyringsspørsmåla er vurderinga at kommunane treng meir ressursar, kompetanse og midlar til å kunne planlegge, søke midlar og sikre gjennomføring av tiltaka. Det treng og meir midlar for å kunne gjennomføre god kartlegging i fleire vassdrag, for at tiltaka som vert satt er basert på oppdatert faktakunnskap.

Kommunen kan gjennom arealplanlegging og andre planar legge til rette for at ein tek omsyn til vassmiljøet, men det er meir krevjande å få midlar til gjennomføring av tiltak.

Ein bør og sjå på om det kan leggjast til rette for forenkling i regelverk for at ein på ein enklare måte kan sikre gjennomføring av tiltak og gjerne i større grad kan sikre medverknad frå private grunneigarar og organisasjonar inn i dette arbeidet.

Vedlegg

- 1 Høyring og offentleg ettersyn av forslag til Planprogram og Hovudutfordringar i Vestland - Vassforvaltningsplan for 2028-2033.pdf
- 2 Høyringsspørsmål planprogram og hovudutfordringar.pdf
- 3 Planprogram høyringsutkast.pdf
- 4 Hovudutfordringar Vestland høyringsdokument 2028-2033.pdf